

Saksprotokoll i fylkestinget - 11. og 12.12.2018

Interpellasjon frå Oen (SV) – Vrak U-864 vest for Fedje, kva tiltak er gjort?

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Ein samrøystes transportkomite på Stortinget bad 4. desember regjeringa vurdere om det finst ny informasjon eller ny teknologi som tilseier at heving av ubåtvraket ved Fedje er miljømessig forsvarleg, før arbeidet med tildekking blir sett i gang. Det er derfor allereie brei politisk semje på Stortinget om å på ny vurdere fjerning av kvikksølvlasta før tildekking.

I begge dei to føregåande politiske periodane, seinast i mars 2015, var Fylkestinget engasjert og ba regjeringa heve kvikksølv frå U-864. Eg delar uroa til folket i Nordhordland for 67 tonn kvikksølv og er glad for at Stortinget ber regjeringa vurdere heving av kvikksølv på ny. Ei tildekking fjernar ikkje kvikksølv, heller ikkje den uvissa som vil vera knytt til utsleppa i generasjonar framover. Fjerning av kvikksølv er den langsiktig sikraste løysninga og eg håpar at den nye vurderinga konkluderer med at lasta kan hevast på ei sikker og trygg måte.

Fylkesordførar rår til slikt vedtak:

1. Fylkestinget støttar at Stortinget ber regjeringa vurdere om det finst ny informasjon eller ny teknologi som tilseier at heving av ubåtvraket ved Fedje er miljømessig forsvarleg.
2. Hordaland fylkesting krev at kvikksølvgifta ved U-864 vert fjerna på forsvarleg vis om vurderinga konkluderer med at det er teknisk mogeleg.»

Det vart teke opp til røysting om å setja saka på sakskartet.

Røysting

Det vart samrøystes vedteke å setja saka som ny sak på saklista.

Vedtak

Saka vert satt på sakskartet.